


PROSJEKTDIREKTIV



Om prosjektet	
Prosjektnamn	Kommunereform i Sunnfjord
Startdato samla prosjekt	23.01.15
Sluttdato samla prosjekt	01.07.16
Startdato fase 2 (fase 1 var forprosjektet)	23.01.15
Sluttdato fase 2	01.07.15
Oppdragsgjevar	Kommunestyra i Flora, Naustdal, Gloppen, Jølster, Førde, Gaular, Fjaler, Hyllestad og Askvoll.

Organisering	
Prosjekteigar	Kommunestyra i deltakande kommunar
Prosjektansvarleg	Leiar i regionrådet for SiS, Mathias Råheim
Styringsgruppe	Ordførarane i deltakande kommunar Rådmennene, sekretærane for regionråda og prosjektleiar har møte- og talerett Prosjektleiar er sekretær for styringsgruppa Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Solund kommune har observatørstatus
Prosjektleiar	Øystein Høyvik
Prosjektsekretariat	Trond Ueland, Per Arne Tveit og Øystein Høyvik.
Prosjektgruppe	Rådmennene i deltakande kommunar

	HTV Utdanningsforbundet (Unio), Stian Jacobsen HTV Fagforbundet (LO), Wenche Kvalvik HTV nr 3, ikkje utpeikt pr 27.02.15 Sekretær HAFS regionråd, Per Arne Tveit Sekretær SiS regionråd, Trond Ueland Prosjektleiar Øystein Høyvik, leiar og sekretær for prosjektgruppa Solund kommune har observatørstatus
Arbeidsgrupper/adhocgrupper	Vert etablert etter behov
Referansegrupper	Formannskapa Tillitsvalde i den enkelte kommune Innbyggjarane

Bakgrunn for prosjektet – beskriv kva som er utfordringane

Stortinget har slutta seg til regjeringa sitt framlegg knytt til kommunereform, og kor målet er:

- Gode og likeverdige tenester til innbyggjarane
- Heilskaplege og samordna samfunnsutvikling
- Bærekraftige og robuste kommunar
- Styrka lokaldemokrati.

Jf proposisjon 95 (2013-2014) er grunngeving for reforma:

- Befolkningsutviklinga
- Sentralisering
- Manglande samsvar mellom administrative og funksjonelle funksjonar
- Mange og viktige oppgåver stiller auka krav til kommunane
- Auka krav til kapasitet og kompetanse
- Utfordringar for lokaldemokratiet
- Interkommunalt samarbeid
- Auka statleg detaljstyring.

Ekspertutvalet for kommunereforma har satt opp ti kriterier for kommunane – og som alle kommunane skal vurdere:

- Tilstrekkeleg kapasitet
- Relevant kompetanse
- Tilstrekkeleg distanse
- Effektiv tenesteproduksjon
- Økonomisk soliditet
- Valfridom
- Funksjonelle samfunnsutviklingsområde
- Høg politisk deltaking
- Lokal politisk styring
- Lokal identitet.

Dette prosjektet skriv seg frå eit felles mandat om å gjennomføre ein prosess mot ei eventuell større eining og førebu ei samanslåing.

Kommunane Gloppen, Fjaler, Askvoll og Hyllestad vedtok innan fristen å be om å få delta. Dei vurderer òg andre alternativ. Formelt er dei ikkje med før SiS-kommunane har invitert dei

inn, og dei har slutta seg til mandatet.

Dette interkommunale prosjektsamarbeidet skal utgreie følgjande alternativ:

- Alle ni kommunane
- Flora, Førde, Jølster, Gaular og Naustdal
- Naustdal, Gaular, Jølster og Førde.
- Alle andre alternativ må kommunane sjølv syte for å utgreie

Effekt mål – beskriv kva som skal vere oppnådd når prosjektperioden for fase 2 er avslutta

Bidra til at det blir gjennomført utgreiingsarbeid med kvalitet som gjer det mogleg for kommunestyra å gjere vedtak om evt vidare deltaking.

Objekt mål – beskriv mål (leveransar) som skal gjennomførast i prosjektperioden

- Lage utgreiingar med tilstrekkeleg kvalitet
- Utarbeide forslag til intensjonsavtalar
- Gi råd til den enkelte kommune
- Utarbeide prosjektdirektiv for fase 3

Framdrift slik den er omtalt i mandatet



I tillegg kjem felles formannskapsmøte 22. mai 2015.

Hovudtiltak	
Kva	Frist
Prosjektgruppa vedtek innhald i intern bestilling knytt til utgreiing av administrativ og politisk styring, jf pkt 2 i utgreiingsdokumentet	27.02.15
SiS gjer vedtak om kva kommunar som får delta vidare i fase 2	27.02.15
Styringsgruppa vedtek prosjektdirektivet	27.02.15
Prosjektgruppa gjer vedtak om innhald i bestillingsdokument for analyser jf pkt 3 i utfordringsdokumentet	27.02.15
Styringsgruppa vedtek innhald i eksternt bestillingsdokument jf pkt 1 i utgreiingsdokumentet	27.02.15
Søknad om tilskot frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	01.03.15

Kvar enkelt kommune har avklart prosjektorganisering i eigen kommune 01.03.15	01.03.15
Prosjektgruppa gjennomfører risikovurdering	13.03.15
Prosjektgruppa utarbeider meir detaljer milepels-/aktivitetsplan	13.03.15
Prosjektgruppa gjer vedtak om innhald i evt bestillingsdokument for analyser jf pkt 4 i utfordringsdokumentet	13.03.15
Informasjonsmøte nr 1 i alle kommunane	01.04.15
Utgreiing knytt til administrativ og politisk styring utarbeidd (pkt 2 i utfordringsnotatet)	15.04.15
Utgreiingar pkt 1 og 3 i utfordringsnotatet ferdige	22.05.15
Felles formannskapsmøte	22.05.15
Informasjonsmøte nr 2 i alle kommunane	01.06.15
Framlegg til intensjonsavtalar ferdige	01.06.15
Framlegg til felles saksutgreiing klar	01.06.15
Vedtak i kommunestyra	01.07.15
Vedtak av oppdatert prosjektdirektiv for neste prosjektfase (avhengig av kva kommunar som blir med vidare)	01.09.15
Felles formannskapsmøte	01.11.15
Kommunestyrevedtak i høve innbyggjarhøyring	01.01.16
Kommunestyrevedtak om samanslåing	01.07.16

Kva grunnlagsdokumentasjon er viktig for prosjektet – i tillegg til sentrale føringar?

- Mandat kommunereform i Sunnfjord
- Utfordringsdokument: Ein ny og større kommune i Sogn og Fjordane?
- Gruppesvar – samandrag frå felles formannskapsmøte 23.01.15
- Kommunestyrevedtak januar/februar 2015 i deltakande kommunar.

Kritiske faktorar?

På eit overordna nivå ser ein følgjande risikoområde:

- At kommunane prioriterer å stille med Rådmann og Ordførarar i arbeidet
- At kommunane prioriterer å utføre arbeide for prosjektet
- Tilstrekkeleg tid til å gjere utgreiingar
- Tilstrekkeleg utgreiingskapasitet hjå eksterne leverandørar
- Samarbeidsklima mellom kommunane
- Samarbeidsklima i prosjektorganisasjonen
- Krav om folkeavrøysting/-høyring knytt til prosjektfase 2
- Utfordring å få politisk miljø og innbyggjarar til å vektlegge både kjensler og fakta

Prosjektgruppa vil gjennomføre ei meir grundig risikoanalyse.

Økonomi – gjeld heile prosjektperioden 23.01.15 – 30.06.16

Inntekter		Utgifter	
Gjeld	Sum	Sum	Gjeld
Tilskot frå Fylkesmannen i Sogn og Fj – evt supplert med eigenandel	2 200 000	750 000	Prosjektleiing

Eigeninnsats-/del	350 000*	1 000 000	Eksterne utgreiingar
		100 000	Interne utgreiingar
		100 000	Utarbeiding av intensjonsavtalar
		400 000	Informasjon/involvering av innbyggjarar (utover det den enkelte kommune må gjere jf eige tilskot)
		200 000	Ander driftskostnad (møtekostnader, leige av lokale mv)
Sum	2 550 000	2 550 000	

*Må justerast sett i høve tilskotssum frå fylkesmannen

Kommunikasjon i prosjektet		
Kva	Når	Ansvar
Det blir etablert eiga nettside som kommunane kan linke seg mot	Medio mars	Prosjektleder
Annonse i aktuelle aviser med føremål å informere om prosess mv	Medio mars	Prosjektleder
Vedlikehald av innhald på felles nettside	Jamleg	Prosjektleder
Kvar enkelt kommune har ansvar informasjon i eigen organisasjon og mot egne innbyggjarar	Jamleg	Rådmann
Referat frå møte i prosjekt- og styringsgruppa blir sendt samarbeidande kommunar og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane til informasjon	Jamleg	Prosjektleder/-sekretariat